

# Prekenverkstedet



<http://www.israelsmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

**17.mai – søndag 17.mai 2020**

Preiketekst: Salme 127,1-3

Lesetekst I: Apg 17,22-25 og/eller 26-31

Lesetekst II: Luk 1,50-53

## «Det norske hus»?

Det er nærliggande på 17.mai å ta snarvegen frå dei gamle tekstane til eige land og folk. Vi er inne i ei utfordrande tid, saman med resten av verda,- det er lett å bli nærsynt og oppteken av problemløysing som gjeld berre oss og vårt. Men tek vi Gud med i reknestykket, så må vi våge å tru midt i alt at «He's got the whole world in his hands».

Lat oss difor prøve å stanse ved dei gamle tekstane – med sine evig-gyldige sanningar. Lat oss utvide perspektivet.

### Kong Salomo

Salme 127 oppgjev kong Salomo som forfattar: tempelbyggaren - utrusta med visdom frå Gud. Men også ein mann som hadde problem med å leve som han lærde. *Det var då Salomo vart gammal at konene hans fekk vendt hjartet hans til andre gudar. Hjartet hans var ikkje lenger heilt med Herren hans Gud, slik hjartet til David, far hans, hadde vore, seier 1. Kongebok.*

Det meste av Salomo sin visdom, lærdommen både i ordspråk og salme, vart ikke til nytte for han sjølv. Byggverka vart ikkje ståande, kongedømmet fall frå einannan, og ekteskapa hans førte til ei frykteleg gudsfornekting.

Salomo, som ved tempelinnviinga syner si tru på den høge og heilage, Herren, han som ikkje bur i hus laga av menneskehender, fell frå den levande Gud. Av den kjempestore familien er det éin son som får ein flik av kongemakta, Rehebam. Men han tek imot dårlege råd frå sine unge vener, og hans kongemakt vert innskrenka til Juda stamme. Riket vert delt, stordomstida er over. Det er berre for kong Davids skuld at familien si kongemakt ikkje vert heilt utsletta.

### «Hus» er meir enn hus

Salomo kan stå som eit eksempel på at Gud kan bruke ein ufullkomen syndar. Han bygger tempelet, stort og herleg. Berre det beste er godt nok for Herrens hus. Han erkjenner likevel at det berre er menneskeverk. I sin nåde kan Gud la seg finne der, ikkje berre av det utvalde folket, men av alle menneske som søker den levande Gud på Sion. Tempelet er verda sitt midtpunkt på eit gammalt kart. - Men når Paulus talar på Areopagos, peikar han på den Gud som ikkje berre har Sion som adresse, ser vi av leseteksten frå Apostelgjerningane.

Der er ein innbyrdes språkleg samanheng i Salme 127, som handlar om både hus og familie. Frå same rot, 'banah' (å bygge), kjem 'ben' (son), 'bath' (dotter) og 'beith' (eit hus). Som stein og tre er materiale

i husbygging, er det søner og døtre som bygger ein familie. Huslyden er eit byggverk, og like mykje som ein kan la eit hus forfalle, så kan også familien vanskjøttast. Då Josva sette folket på valg, sa han: «Eg og mitt hus, vi vil tena Herren».

Born er ei gåve frå Herren seier teksten – og vert både gåve og oppgåve. I Bibelen er det å få etterkomarar sett på som ei velsigning. Den første og største forpliktinga er å ta vare på sine egne. Men både Jesus og Paulus har ord om at det å ha små barn og leve i familieliv er ei vanskelg sak i trengselstider.

## **Byggverk og bygningsmann**

Både når det gjeld byggverk, samfunnsbygging, familiebusad og familie gjeld den same lova som for Herrens hus: Det er Herrens velsigning (over arbeidet) som gjer rik, og eige strev legg inkje til. Og når det gjeld bygget av levande steinar, der alle som trur på Jesus, jøde og heidning, har den same grunnvollen - ja, så er det berre éin bygningsmann.

## **Arbeidet og kvila**

Arbeidet er nødvendig og har sin verdi. Men kva med dette med dei tidlege morgonane og dei seine kveldane, alt stresset – og så kvila Herren gjev?

Gud gjev sine vener det dei treng – det som dei andre, dei som *ikkje* set si lit til Gud, strevar etter i eiga kraft. Det gjeld å ta imot Guds omsorg, hans vern og velsigning. Vi kan føye til: la Han ta seg av bekymringane. Kvile er å legge av det som tyngjer. Her er Salme 127 heilt i samsvar med budskapet i NT: *Gled dykk alltid i Herren! Endå ein gong vil eg seia: Gled dykk! Lat alle menneske få kjenna kor godhjarta de er. Herren er nær. Ver ikkje urolege for noko! Men legg alt de har på hjartet, fram for Gud i bøn og påkalling med takkseing. Og Guds fred, som går over all forstand, skal vara dykkar hjarte og tankar i Kristus Jesus.* (Fil 4)

## **Kontrastar i tekstane**

I sitatet frå Marias lovsong frå Lukasevangeliet står ‘dei rike, dei mektige, dei med hovmodstankar’ i kontrast til ‘dei som har gudsfrykt, dei låge og dei svoltne’. Og i Apostelgjerningane vert vi minna om at det er Skaparen som også er livsopphaldaren: «*Han gjev liv og ande, ja alt til alle*». Stolte «byggverk» og godt vakthald er til inga nytte om ikkje Herren er aktiv med sitt vern og si nyskaping.

## **«Den som ikkje har sett tempelet i Jerusalem, har ikkje sett ein vakker bygning,»**

sa rabbinarane. Under valfartsfestane kom pilegrimar frå heile den kjende verda, for både jødar og folk som hadde blitt proselyttar søkte til Jerusalem. Undervegs var det song og fløytespel. *Salmane 120 -134* er salmar som vart brukte under festreisene.

På vegen inn til byen kom levittane ferdafolket til møtes, og dei toga inn i byen under veksel-song, opp dei mektige trappene til tempelplassen. Etter at tempelet var gjenreist, gjenvunne av makkebearane og skikkeleg oppgradert av Herodes, var det på Jesu tid eit så vakkert og storslått byggverk at det var sagnomsust i heile Romerriket. Overveldande for alle, og ikke minst for folk som kom frå enkle kår rundt om i landet. På tempelplassen kunne så mykje som 150.000 menneske opphalde seg samtidig.

I møte med dette storslåtte byggverket gav Salme 127 et nyttig korrektiv: Dersom Herren ikkje bygger huset, arbeider bygningsmennene fåfengt. Dersom Herren ikkje vaktar byen, vaker vaktmannen fåfengt.

**Det same korrektivet** er å finne i nasjonalsalmen vår - og i salmar og songar om «jordens største under», det verdensvide fellesskapet av alle som trur på Jesus.

## **Annbjørg Eiksund Hesselberg**

Tidlegare misjonssekretær i Trøndelag for DNI

[annbjorg.hesselberg@ntebb.no](mailto:annbjorg.hesselberg@ntebb.no)